

444/98

TS.

**LOM KOMMUNE****29.06.98****MØTEBOK****L12**

Utval/styre/råd	Møtedato	Saksnr
Miljø- og teknisk utval	12.12.97	Mt-195/97
Miljø- og teknisk utval	24.04.98	Mt-56/98
Miljø- og teknisk utval	13.05.98	Mt-60/98
Formannskapet	04.06.98	Fs-157/98
Kommunestyret	25.06.98	Ks-63/98

Arkivnr: L12 //	Journalnr: 498 /98	Saksbehandlar: Trond Stensby
-----------------	--------------------	------------------------------

**REGULERINGSPLAN FOR BORGASANDEN - HØYRINGSVEDTAK****Vedlegg:**

Hovudutval for miljø og teknisk sak Mt -109/97

**Saksdokument:**

Referat frå møte med Alv Borgen, 08.10.97.

**Bakgrunn:**

Rådmannen viser til sak Mt-109/97

Før utarbeiding av planforslag har grunneigarar og andre brukarinteresser vore kalla inn til møte 08.10.97. Følgjande møtte:

Alv Borgen.

Borgen la fram at han ønskjer å ta ut masse både av vassdragstekniske og ressursmessige årsaker. Førekomsten er ei større elveøyre som består delvis av kvabb, grus og grøvre materiale. Ikkje mogleg å finne lagerplass innafor planområdet. Det er gjort vassdragstekniske inngrep i området for å forebyggje skader på veg og dyrka mark.

Det vart gjort avtale om synfaring av området mandag 13.10.97, kl. 10.00.

På synfaring vert det vurdert avgrensing av uttaksområde. Ein såg og på eit område Slettvangen som er aktuelt for lagring av grus. Dette er dyrka mark, men jordbruksjefen ser det slik at korda er av liten verdi og at eit gruslager vil styrkje bruket.

Regulering av Slettvangen til masseuttak medførte at plangrensa måtte utvidast. Gjeldande partar vart varsle og fekk ein frist på tre veker til å kome med innspel.

Ola Borgen har på telefon varsle at han ikkje har innvendingar mot omdisponeringa. Paul Ragnar frøise har varsle at han ikkje har innvendingar mot omdisponeringa, men at eit eventuelt knuseverk må drive i avgrensa periodar.

Etter storflaumen på Austlandet i 1995, har styresmaktene gjeve signal om at kommunane må legge større vekt på faren for flaumskader i sin arealplanlegging. Uttak av massar er delvis

motivert ut frå ønskje om å forbyggje flaumskadar. Rådmannen ser det derfor som naturleg at lågareliggende areal i planområdet vert regulert til fareområde flaum.

**Vurdering:**

Rådmann finn at planforslaget legg opp til kontrollerte uttak av massar. Andre brukar og verneinteresser er ivaretake på ein tilfredstillande måte. Framtidige arealbrukskonfliktar synest å vere avklart i planforslaget.

**Innstilling fra rådmannen:**

Med heimel Plan- og bygningslova § 27-1 gjer Hovudutvalet for miljø og teknisk vedtak om å leggje forslag til Reguleringsplan for Borgasanden ut til offentleg ettersyn og høyring i 30 dagar.

Miljø- og teknisk utval behandla saka, saknr 195/97 den 12.12.97.

**Vedtak:**

Som instillinga. Samrøystes.

**2. gangs behandling i Miljø- og teknisk utval**

Innkomne uttaler:

Nr 1	<b>Høyringspart/-instans:</b> Oppland fylkeskommune, plan- og utviklingsseksjonen <b>Samandrag av uttale:</b> Når det gjeld utforming av planen vert det vist til uttale for Medalen. <b>Skjerming av Sm2a og b, hadde vore ømskjøleg.</b> <b>Kommentar frå saksbehandlar:</b> Ta inn reglar om etablering av vegetasjonssoner med stadeigne artar.
Nr 2	<b>Høyringspart/-instans:</b> Statens Vegvesen, Oppland Vegkontor <b>Samandrag av uttale:</b> Byggjegrense langs fylkesvegar er 15 m, må innarbeidast i planen. Ta inn eit punkt om avkøyringar: "Avkøyrsler frå riksveg 55 og fylkesveg 467 skal opparbeidast og haldast ved like i tråd med vegnormalane for Statens vegvesen og føreseggnene til §43 i veglova. Frisikta i avkøyrsler skal vere 4x120 meter." <b>Kommentar frå saksbehandlar:</b> Ta inn punktet i føreseggnene
Nr 3	<b>Høyringspart/-instans:</b> Fylkesmannen i Oppland, landbruksavdelinga. <b>Samandrag av uttale:</b> Landbruksavdelinga har ikkje merknader og tilrår at planen vert godkjent. <b>Kommentar frå saksbehandlar:</b> Ingen merknader
Nr 4	<b>Høyringspart/-instans:</b> Næringsutvalet i Lom kommune <b>Samandrag av uttale:</b> Tilrår planlagt omdisponering av Slettvangen merka med Sm2a(7 da) og Sm2b (8 da). Arealet først attende til jordbruk dersom behovet for lagerplass/produksjon tek slutt. <b>Kommentar frå saksbehandlar:</b> Ta inn reglar om attendeføring til jordbruk dersom

gruslageret vert avslutta.

**Nr 5 Høyringspart/-instans: NVE-region Øst**

**Samandrag av uttale:** Særleg ansvar for offentlege styresmakter å ivareta verneinteresser i Bøvre. Vern og utnytting avvegd på ein akseptabel måte. Rapporteringsplikten bør utvidast til årleg rapportering av lengdeprofil gjennom området med tillegg av 100 m oppstraums og nedstraums. Tverrprofil med maks 100 m avstand gjennom området med tillegg av 50 m oppstraums og 50 m nedstraums. Kartfesting av profila. profila bør takast på samme staden kvart år. Si noko om utforming for å hindre uønska erosjon og massetransport. Presisere at maks djupne kan nyttast dersom omsynet til fallgradienten i elva er ivareteke. Trur at nivået er rimeleg, årleg rapportering vil vise om nivået er tilpassa forholda i vassdraget. Ser ingen grunntil ytterlegare saksbehandling etter vassdragslova, dersom planen vert følgd.

Skadeverknader for allmenne interesser vil medføre ny vurder av konsesjonsspørsmålet. Den som utfører tiltak i vassdraget er ansvarleg for eventuelle skader og ulempar.

**Kommentar frå saksbehandlar:** Uttala vert innarbeidd i føreseggnene når det gjeld rapportering, utforming og ansvar.

**Nr 6 Høyringspart/-instans: Naturvernlaget i Lom og Skjåk**

**Samandrag av uttale:** Viser til Flåklypa som kjend omgrep og eventuelt framtidig informasjonstavle på riksvegsida. Ser det som viktig at steinar, øyer ute i elvefaret mellom Vangen og Flå ikkje vert øydelagde. Viktig å bevare naturlege elvebreidder. Ser helst at det vert spesialområde naturvern på øyer og breidder der det stikk opp fast fjell. Grusuttak bør berre skje i område Sm.

**Kommentar frå saksbehandlar:** Planen sikrar steinar og øyer når desse er regulert til fareområde flaum, med byggjeforbot.

**Nr 9 Høyringspart/-instans: Oppland fylkeskommune, kulturseksjon**

**Samandrag av uttale:** Ber kommunen innarbeide følgjande avsnitt i reguleringsføreseggnene: "Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i planområdet. Dersom det ved tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den gread det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jfr lov om kulturminne § 8.

Melding skal snarast sendast til kulturminnestyremaktene i Oppland fylkeskommune slik at vernestyremaktene kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette."

På Flå er det tre SEFRAK-registrerte hus, eigedommen bør bli regulert til føremål vern/landbruk.

**Kommentar frå saksbehandlar:** Det foreslegne avsnittet vert teke inn i planføreseggnene. Ein bør venete med å behandle SEFRAK-registrerte hus, til rullering av kommuneplanen, slik at ein får generelle føresegner som gjeld for alle eigedommar med SEFRAK-registrerte hus.

**Nr 8a og b Høyringspart/-instans: Fylkesmannen i Oppland, miljøvernavd.**

**Samandrag av uttale:** I tillegg til maksimal djupne, og ha føresegner om skråning og avslutning mot landsida og andre reguleringsføremål. Saksfarmlegget er mangelfullt når det gjeld brukar- og verneinteresser som blir påverka. Miljøvernavdelinga føresette at kommunen skulle ta omsyn til biologiske, landskapsmessige, estetiske og kulturhistoriske kvalitetar. Lagt inn store areal til lagring og produksjon. Spesialområde flaumverk bør få utfyllande reglar om kantvegetasjon. Kan ikkje sjå at det er behov for å ha med formulering om vassdragslova § 9 under naturvernområde, men i det minste må ein få med at miljøstyremaktene skal høyrast, jf innlandsfisklova. Fareområde høgspent er vanskeleg å sjå på kartet, bør få skravur. Dersom uttaka får utilsikta konsekvensar, må uttaka få ein ny vurdering. Lagt opp til svært store areal for lagring i Sm2 a og b. Den planlagde arealbruken her er i konflikt med kulturlandskapet.

Lagringsområde bør bli avgrensa til halve Sm2a, med tilkomst frå fv 467 som no. Grensa for lagerområde skal førast ei ein boge som ei naturleg forlenging av formen på det dyrka arealet. Matjorda må leggast opp som ein voll mot fylkesvegen. Lagringshøgde < 1 m ved vollen, aukande innover i takt med fall i terrenget. Bjørkekratt frå grøftekant må flyttast med rot til vollen, for raskare revegtering. Lagringsvolum vil bli drukt  $3000\text{ m}^3$ . Ynskje om at det vert teke inn eit tillegg i føresegnen til Sm1, om at mellombels lagra massar skal vere fjerna kvar vår etter grusuttak.

**Kommentar frå saksbehandlar:** Ta med reglar om utforming, slik det er gjort for tilsvarende planar i vassdraget. Forholda i vassdraget er tidlegare grundig vurdert og behandla i Vassdragsplan for Otta og Kommunedelplan for , sand, grus og stein. Lagerareala i medalen er allereie nokså mykje utnytta, og kan neppe gje rom for ytterlegare massar frå Medalen. Merknader om flaumverk og om at miljøstyremaktene skal høyrast ved tiltak etter § 9 bør takast til følgje. Merknader om Sm2 og Sm1 er fornuftig tilpassing av område for lagring av massar, og bør takast til følgje.

#### Vurdering:

Rådmannen kan ikkje sjå at det har kome inn merknader som gjer at planen ikkje kan takast opp til godkjenning i kommunestyret.

Rådmannen legg til grunn at dei merknader som ein har gått inn for å ta til følgje ovafor, vert innarbeidd i planen.

#### Innstilling fra rådmannen:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 27-2 gjer Hovudutvalet for miljø og teknisk vedtak om at forslag til Reguleringsplan for Borgasanden vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning, med følgjande endringar og tillegg i forhold til hløyningsutkastet:

1. Spesialområde masseuttak 2 vert redusert til ein fjerdedel, tilsvarende halve delen av Sm2a. Formen på området vert tilpassa landskapsformen til den dyrka marka.
2. Til Spesialområde masseuttak 2 (Sm2) vert det knyta følgjande reglar: "Massar, maskiner og utstyr skal lagrast på ein ryddig måte. Når masselageret er avslutta, skal området attendeførast til jordbruk. Mot fv 467 skal det etablerast ein voll av materiale frå den omdisponerte dyrka marka og vegetasjon med rot og torv frå kantsone mot grøft sør for området. Vollen skal skjerme mot innsyn frå fv 467. Maksimal lagringshøgde er sett til 1 m over bakknivå, mål ved voll mot fv 467.."
3. Tillegg til Spesialområde massuttak1:"Uttaka skal avsluttast mot elvebreidd og plangrenser med ein skråning på 1 : 5. Mot vegfyllingar og vassdragstekniske anlegg skal det vere eit uttaksfri sone på 5 meterOppmåling av lengdeprofil skal i tillegg til uttaksområde bli gjort 100 m oppstraums og nedtsraums for dette. Oppmåling av tverrprofil skal skje med maksimal avstand mellom profila lik 100 m, og 50 meter oppstraums og nedstraums uttaksområdet.Uttak skal berre skje på låge vasstandar. Mellombels lagra massar skal vere fjerna kvar vår etter grusuttak.Den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulepper som følge av tiltaket, jf reglane i vassdragsloven\_Utilsikta endringar i

- vassdraget som følgje av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen vert teke opp til ny behandling.”
4. Tillegg til Snv: “Miljøvernstyresmaktene skal høyrist om uttak etter § 9, jf innlandsfiskelova.”
  5. Tillegg til Offentleg trafikkområde: “Avkørsler frå riksveg 55 og fylkesveg 467 skal opparbeidast og haldast ved like i tråd med vegenormalane for Statens vegvesen og føreseggnene til §43 i veglova. Frisikta i avkørsler skal vere 4x120 meter.”
  6. Følgjande avsnitt vert innarbeidd i planføreseggnene “*Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i planområdet. Dersom det ved tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den gread det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jfr lov om kulturminne § 8. Melding skal snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune slik at vernestyresmaktene kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette.*”

Miljø- og teknisk utval behandla saka, saknr 56/98 den 24.04.98.

**Vedtak:**

Utsett til neste møte.

Miljø- og teknisk utval behandla saka, saknr 60/98 den 13.05.98.

**Vedtak:**

Som innstillinga. Samrøystes.

**Forslag frå formannskapet:**

Som innstillinga. Samrøystes.

Kommunestyret behandla saka, saknr 63/98 den 25.06.98.

**BEHANDLING I KOMMUNESTFYRET:**

**Senterpartigruppa fremma slik endring i pkt. 2:**

Dei tre siste setningane i pkt. 2 utgår.

Det vart votert alternativt over pkt. 2 der forslaget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke. Dei andre punkta (1, 3, 4,5 og 6) vart samrøystes vedteke som framlegget frå formannskapet.

Vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 27-2 gjer Hovudutvalet for miljø og teknisk vedtak om at forslag til Reguleringsplan for Borgasanden vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning, med følgjande endringar og tillegg i forhold til høyringsutkastet:

1. Spesialområde masseuttak 2 vert redusert til ein fjerde del, tilsvarande halve delen av Sm2a. Formen på området vert tilpassa landskapsformen til den dyrka marka.
2. Til Spesialområde masseuttak 2 (Sm2) vert det knyta følgjande reglar: "Massar, maskiner og utstyr skal lagrast på ein ryddig måte. Når masselageret er avslutta, skal området attendeførast til jordbruk.
3. Tillegg til Spesialområde massuttak 1: "Uttaka skal avsluttast mot elvebreidd og plangrenser med ein skråning på 1 : 5. Mot vegfyllingar og vassdragstekniske anlegg skal det vere eit uttaksfri sone på 5 meter. Oppmåling av lengdeprofil skal i tillegg til uttaksområdet bli gjort 100 m oppstraums og nedstraums for dette. Oppmåling av tverrprofil skal skje med maksimal avstand mellom profila lik 100 m, og 50 meter oppstraums og nedstraums uttaksområdet. Uttak skal berre skje på låge vasstandar. Mellombels lagra massar skal vere fjerna kvar vår etter grusuttak. Den som utfører tiltak i vassdrag er ansvarleg for eventuelle skadar og ulemper som følge av tiltaket, jf reglane i vassdragsloven. Utilsikta endringar i vassdraget som følge av masseuttak eller andre forhold, kan medføre at planen vert teke opp til ny behandling."
4. Tillegg til Snv: "Miljøvernstyresmaktene skal høyrast om uttak etter § 9, jf innlandsfiskelova."
5. Tillegg til Offentleg trafikkområde: "Avkjørsler fra riksveg 55 og fylkesveg 467 skal opparbeidast og haldast ved like i tråd med vognormalane for Statens vegvesen og føresegnene til § 43 i veglova. Frisikta i avkjørsler skal vere 4x120 meter."
6. Følgjande avsnitt vert innarbeidd i planføresegnene "Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne i planområdet. Dersom det ved tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den gread det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jfr lov om kulturminne § 8. Melding skal snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune slik at vernestyresmaktene kan kome på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette."

Utskrift til: Sektor for miljø - teknisk - landbruk v/Trond Stensby - for vidare effektuering

Rett utskrift  
Lom kommune, rådmannskontoret  
den 29.6.98  
O. Sig:

Reg nr  
614/98

TS.

28.09.98

L12

Utval/styre/råd	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	18.09.98	Ks-80/98

Arkivnr: L12 /	Journalnr: 618 /98	Saksbehandlar: Trond Stensby
----------------	--------------------	------------------------------

## ENDRING AV VEDTAK I KOMMUNESTYRET SAK 63/98 OM GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN FOR BORGASANDEN

Vedlegg:

Saksdokument:

Journalnr 498/98 med kommunestyresak 63/98, Reguleringsplan for Borgasanden

Bakgrunn:

Kommunestyret gjorde i sak 63/98 vedtak om godkjenning av Reguleringsplan for Borgasanden.

Kommunestyret sitt vedtak skil seg frå rådmannen si innstilling når det gjeld pkt. 2.

Rådmannen si innstilling: *Til Spesialområde masseuttak 2 (Sm2) vert det knyta følgjande reglar: "Massar, maskiner og utstyr skal lagrast på ein ryddig måte. Når masselageret er avslutta, skal området attendeførast til jordbruk. Mot fv 467 skal det etablerast ein voll av materiale frå den omdisponerte dyrka marka og vegetasjon med rot og torv frå kantsone mot grøft sør for området. Vollen skal skjerme mot innsyn frå fv 467. Maksimal lagringshøgde er sett til 1 m over bakknivå, mål ved voll mot fv 467.."*

Kommunestyret sitt vedtak: *Til Spesialområde masseuttak 2 (Sm2) vert det knyta følgjande reglar: "Massar, maskiner og utstyr skal lagrast på ein ryddig måte. Når masselageret er avslutta, skal området attendeførast til jordbruk.*

Kommunestyret har stroke dei tre understeka setningane i rådmannen si innstilling. Dei tre setningane er med for å oppfylle krav som fylkesmannen sin miljøvernnavdeling har stilt for eigengodkjenning av planen. Etter varsel om motsegn vart det gjennomført synafring med grunneigar, kommune og miljøvernnavdelinga. Krav om avbøtande tiltak vart akseptert av grunneigaren.

**Vurdering:**

Når kommunestyret har gjort eit vedtak som ikkje oppfyller dei føresetnader fylkesmannen har sett for eigengodkjenning av planen, må saka opp til mekling og eventuell godkjenning av overordna styresmakter.

Etter rådmannen sitt syn synest dei krava som miljøvernnavdelinga har stilt å ikkje gje store ulemper i samband med etablering av eit grusvegar ved Slettvangen. Når i tillegg grunneigaren har akseptert vilkåra for godkjenning, er det etter rådmannen sin oppfatning lite føremålstenleg å ta ein konflikt på saka.